

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.05.2016

Nordisk bibliotekskonferanse 14.-15. juni vert heldt i Bergen. Bibliotekssjefen i fylkeskommunen har anbefalt UFU å delta på ein av dagane. UFU ønskjer at ein frå KIRU deltek på denne konferansen.

UFU ønskjer å presentere seg på fylkestinget i oktober. Da med leiar, nestleiar og leiarane for dei fire ansvarsområdane.

UFU skal hjelpe Rogaland å få på plass eit Ungdommens fylkesting. Møte med Rogaland vart utsett til over sommaren.

UFU er invitert til å stille med ein representant på innspelsmøte til Handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering for HFK. Sunniva Grov Framnes representerer UFU. Det er ønskjeleg å stille med ein representant til og administrasjonen skal sjekke om dette er mogleg. Det vil og vere avhengig av eventuelle eksamener blant medlemene i utvalet.

Arbeidsutvalet for nasjonalt medverknadsorgan for ungdom skal møtast igjen i juni i Trondheim, der leiar i UFU møter. Der skal ein førebu møte med Stortinget i oktober.

UFU ønskjer ein sommaravslutning på Jacob Aalls den 15. juni etter eit kort møte.

Minner alle om helgemøte 9.-11. september.